



Super konsert med Rosendal songlag, Jazzverket og gjester.

Det vart ei herleg konsertstund for både publikum og aktørar under konserten i Kvinnerad kyrkje laurdag kveld. Ei mest fullsett kyrkje fekk oppleve eit svært variert program med høgt nivå. Lovorda etterpå var mange, og frå publikum vart det uttrykt ønske om at dei ville ha meir samarbeid mellom Jazzverket og det over 100 år gamle Rosendal songlag.

Songlaget viste seg som ein særdeles sprek 114-åring, og det var tydeleg songarane og dirigent Eva Megyesi stortrivdest i samspel med medarrangør Jazzverket og gjestene deira. Det var eit variert, sprekkt og spennande program som vart presentert under konserten. Variasjonen og kvaliteten vart understreka av eit songkor i toppform, jazzverket som alltid leverer topp presentasjonar, eit sjarmerande barnekor som viste songglede lengre enn til by'n krydra med dei to dyktige vokalistane Ananda-Gopi Storegjerde og Atle Fredheim, og uskedelingen Vegard Døssland som hadde tatt med trompet og flygelhorn over fjellet frå Oslo.



Allsidige Atle Fredheim, ein gong trombonist i Uskedal skulemusikk og Uskedal musikklag, er ein dyktig songar.

Det starta med Powel Ramel sin **Vals i tango**, og etter det fulgte nummera som perler på ei snor. Vakre framførningar!! Her gjekk det rett frå ein nydeleg versjon av Thad Jones-klassikaren **A Child is born** med herlege solistpresentasjonar til **Hvis kyr kunne mjaue** med heile ensemblet med dei sjarmerande, flinke, songglade og rytmesterke Småjazzarane, leia av Atle Fredheim, som frontfigurar. Herleg!! Eit blinkskot!! Då fekk også Jazzverket oppfylt ein draum dei har hatt lenge; - å spela saman med eit barnekor.

Seinare i konserten gjekk det rett frå ei flott framføring av **O Come, All Yee Faithful (Adeste Fideles)**, med Rosendal songlag åleine til Chick Corea-klassikaren **Spain** med heile ensemblet. Kven hadde trudd at ein nokon gong skulle få oppleva dette med Rosendal songlag? Råtøfft og knallbra!!

Vi kan ikkje nemna alle dei 15 nummera som vart presentert på ein time og eit kvarter, men då det nærma seg slutten fekk vi igjen oppleva sjarmerande publikumsfavorittane i Småjazzarane i **Petter Mathiesen** før vi fekk ei vanvittig vakker framføring av **April Song**(Sara Mitra) der den kraftfulle og nydelege stemma til Ananda-Gopi Storegjerde verkeleg kom til sin rett. Det heile vart runda av med **Jolly, Jazzy Christmas**, før etter velfortent og langvarig applaus var tid for ekstranummer. Småjazzarane vart kalla fram att, og heile ensemblet trødde til med **Petter Mathiesen**.

Nemast må det også at Rosendal songlag presenterte tre solistar frå eigne rekkjer. Lina F. Storegjerde og Unni V. Nedrevåg i **Mary, did you know?** og Lina F. Storegjerde og Benedicte Indergård i **In The Bleak Midwinter**. Desse oppgåvene kom dei flott frå.



I Gopi Storegjerde har Jazzverket ein topp vokalist!

Aktørane som gav oss denne opplevinga var ein herleg miks. Vi håpar dei gjentek samarbeidet. Her ligg muligheter for fleire gode prosjekt. Å trekkja inn Småjazzarane var ei genistrek, men det var den gode miksen av dyktige aktørar, unge og eldre, som sikra suksessen. Det er jo feil å nemna nokon spesielt, men eg gjer det likevel. Eg er svært begeistra for stemma og framføringane til Ananda-Gopi Storegjerde. Eg har hatt glede av å ha hørt ho mykje dei seinare åra. Ho har alltid vore god, men eg syns berre ho blir betre og betre. Eg skjønar godt at Jazzverk-slagverkar Torkjell Nerhus omtalar ho som 'gullstrupa frå Løfallstrand'.

Kjekt er det også at to sentrale bidragsytarar i konserten Atle Fredheim og Vegard Døssland starta med musikk i Uskedal skulemusikk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland